

Heimreise frå dialyse i full drosje

Ein pasient som tre dagar kvar veke reiser til dialyse på sjukehuset, skulle reise heim etter ei behandling. Pasienten reiste då frå sjukehuset i ei drosje saman med ein annan pasient med følgje. Det gjekk heilt greitt, halvvegs heim tok drosja på endå ein pasient som skulle vere med eit lite stykke. Det blei då tre vaksne personar i baksetet, og det vart trongt. Pasienten som hadde fått dialyse, begynte å blø frå armen av presset frå med-passasjerane. Pasienten måtte då heile tida trykkje på armen for å hindre bløding resten av turen.

Årsaksanalyse:

Pasientar med nedsett funksjon av nyrene, kan trenge dialyse for å reinske blodet for avfallsstoff og væske. Langvarig dialyse krev tilgang til ein blodåre slik at dialysemaskina kan hente ut blod for reinsing og så returnere blodet til kroppen. Pasientar som treng dialyse, har derfor ein tilgang til ein blodåre operert inn på underarmen, ein «AV-fistel» som dialysen vert utført gjennom. Pasienten må vanlegvis gjennom slik dialyse tre dagar i veka, og kvar behandling tek 3-4 timar. Dette er altså ei pasientgruppe som reiser mykje, og som treng ein viss grad av komfort under reisa.

Bløding frå «AV-fistelen» kan oppstå ved ytre påverknad. Pasienten var klar over dette, og måtte sjølv trykke på armen for å stoppe blødinga.

Som hovudregel skal det ikkje vere meir enn to personar i baksetet på ein drosje heim frå sjukehuset. Det blei likevel avtalt at ein ekstra pasient kunne vere med delar av turen då han skulle vere med bare eit lite stykke av ruta.

Tiltak:

Pasienten sjølv trykte på armen for å hindre ein større bløding.

Pasientreiser må sikre at det er tilstrekkeleg plass til alle pasientgrupper.

Pasientreiser tek omsyn til dei behov som pasientane måtte ha.

Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering av saka:

Pasientar som reiser til dialyse tre gonger i veka, treng tilfredstillande tilhøve under reisa, då desse pasientane ofte har dårleg helse, og dei brukar mange timar kvar veke i drosje.